

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 48/2006

Møtedato: 1.11.06

Arkiv nr: F 110

F 110, Brennabu leirskole – fotballbane og oppføring av aktivitetslåve

Brennabu leirskule har søkt om å få føre opp ein aktivitetslåve der dei i dag har fotballbane. Dei treng derfor eit nytt areal for fotballbane. Det er søkt om å få leggja dette mellom Brennabu og leilegheitene til Vaset utbyggingsselskap. Dette er i dag regulert til friareal. Søkjar er innstilt på at dette skal vera ein plass som skal vera open for alle. Kostnad for opparbeiding av banen vil bli delt mellom Brennabu og Vaset utbyggingsselskap. Kommunen har opplyst at dette kan tillatast innanfor reglane i reguleringsplanen.

Styreleiar og dagleg leiar såg på saka saman med Statskog og søkjaren under befaring i oktober. Søkjaren ynskte å koma raskt i gang og det var derfor ikkje tid til befaring med heile styret. Fjellstyret gav etter befaringa tilbakemelding til Statskog pr e-post om at ein ville ha bruk av friareal opp til styrebehandling. Statskog hadde dessverre under befaringa oppfatta det slik at fjellstyret ikkje hadde merknader til fotballbanen, men at ein ville ha oppføring av låven til behandling. Det var derfor alt sendt avtale til Brennabu med tilbod om å leige arealet for 10 år. I avtalen er det sett krav om plassen skal vera open for alle og at det skal etablerast parkering for allmennheita.

Byggesøknad om aktivitetslåve har Statskog sendt til fjellstyret for uttale. Etter at Brennabu leirskule uttrykte misnøye med saka var sendt fjellstyret, skriv Statskog i brev til fjellstyret den 27.11.06 at saka ikkje lengre er til formell uttale. Kommunen har den 25.10.06 godkjent byggesøknaden.

I følge fjellova § 12 skal fjellstyret ha høve til å uttale seg til grunndisponeringstiltak. Det bør ikkje leggjast opp så stramme tidsfristar at det blir vanskeleg å gjennomføre dette i praksis. Det bør vera rom til styrebehandling og eventuelt befaring i spesielle saker. Arealutnytting på Vaset bør ikkje gå som hastesaker. Søknaden frå Brennabu leirskule var sendt så tidleg at det burde vore mogleg å få til ein tilfredstillande saksgang. Vanleg praksis for befaringar mellom Statskog og fjellstyret er at befaringa er for å sjå på sakene. Uttale til sakene blir gjort i etterkant av befaringa. Dette er ein praksis som har fungert godt og som fjellstyret er innstilt på å halde fram med.

Vedtak:

Tiltaka er alt godkjent av både Statskog og kommunen. Det er derfor ikkje grunnlag for fjellstyret til å uttale seg til sakene.

Tiltak som gjeld grunndisponering skal fjellstyret jf. § 12 i fjellova kunne gi uttale til. For ettertida ber fjellstyret om at det blir lagt opp saksgang som gjer dette mulig.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.11.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Brennabu leirskule